




På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. Bødker



LIVSGLEDE OG ARBEIDSGLEDE

25. oktober var pensjonistane samla i kyrkja på Haga til treff. Dei hadde storfint besøk denne dagen: Sjølvaste Karsten Isachsen, kjend prest, forfattar og foredragshaldar skulle snakka. Difor var det og nokre ekstra tilhøyrar i kyrkja, - dette var vel noko å få med seg! Mannen sjølv såg ikkje ut som noko kjendis, smilande og liketil helsa han på samningane og fryda seg over at han hadde hatt alle slags ver på ein dag: snø, regn vind og sol – "Tykte mest eg har vore innom heile året dei få timane eg har vore i Samnanger" – sa han med ein smil.

Føtene er ikkje som dei har vore, så han ville helst sitja på ein stol når han snakka. "De veit, når lysa kostar meir enn kaka, då veit du at du har vorte gamal", sa han. Kvifor er så Karsten Isachsen så populær talar? Jau han har den evna at han kombinerer underhaldning og undervisning på ein særskild måte. Han har heile livet samla på gode historier, og dei veit han å bruka. Det er slik du samlar, for brukar du dei ikkje hugsar du dei ikkje, seier han. Han har sitat frå kjende forfattarar som Øverland: "Hvordan kan man eie no-



get når livet selv er et lån?" og frå td. lokalaviser: Ei lysing under til salgs: "Begravelsesbil til salgs – noe dau'kjørt". Han får fram latteren hjå alle, og når ein så byrja lura på om det berre er fjas med denne mannen, så gjev han oss nokre gullkorn som verkeleg får tankane i sving. "Den første tida som prest, ville eg at alle skulle lika meg", seier han. "No ynskjer eg at folk skal lika seg sjølv når dei ei saman med meg.."

Han fortel oss også om "Breibidelsesbransjen". Det er ein kjempestor bransje, større enn LO, smiler han. Eg hadde vore der i 60 år, og så bestemte eg meg for at eg skulle ut. Det var ikkje lett. Ikkje for ein mann

med temperament som eg. Det er så lett når ein hissar seg opp å byrja setninga med DU. Du er slik og slik, og kvifor gjorde du det og det. Når du skal ut av bebreidelsesbransjen, må du slutta med det. Du treng ikkje slutta å verta sint, men du må starta setningane med EG. Dette likar eg ikkje – eg vert sint el. lei meg.... Å bruka DU – lagar krig, medan EG inviterer til samtale.

Og viss nokon irriterer deg, så kan det vera veldig vanskeleg for deg å endra dei – det lettaste for deg er å endra deg sjølv. Gjer noko med din eigen irritabilitet – då kan problemet vera løyst. Han snakka og om å rydda barn- dommen sin, om Yngve Hågensen som hadde vakse opp på ein bar-

neheim med ein svært lite grei lei. Og som gjekk på aldersheimen for å verta ferdig med dette ein gong for alle: han fann mannen, gav han ein klem og sa til han: "Du gjorde nok så godt du kunne". Så kunne han gå der ifrå og få leggja det av seg. "Du må tilgje foreldra dine, det er ein del av det å verta vaksen, noko du treng gjera for å gå vidare i livet."

Ei slik stund med Karsten Isachsen får humøret til å stiga fleire hakk, ikkje berre fordi han har mange morosame historiar, men og fordi han har slik tru på at det nyttar! Sjølv om du er i pensjonistalder, kan du prøva å venda på nokre vanar for å gjera livet betre for deg sjølv og andre. Sjølv om du ikkje er heilt på topp lenger, kan du finna noko å gleda både deg sjølv og andre med. Du er ein person, det tyder eigentleg ein som det kling noko gjennom! Me må prøva å klinga fint for kvarandre! Ikkje slutt å leita etter det gode i livet – og døden - ja den kallar han i den nye boka si for "Guds evige sommerdag" – og er ikkje redd for å vera innom det temaet heller... "Han siterer ein dansk salmediktar som seier: "jeg dør en lille smule hver dag helt til jeg dør, da skal jeg slutte å dø." Og han seier som Paulus "Anten eg lever eller døyr, høyrer eg Herren til."

Ja, me takkar Karsten Isachsen for ei inspirerende stund i kyrkja på Haga – litt som Samnangerveret denne dagen– her var me innom det meste på ei lita stund, men slutta i vakkert solskin.

B. H.

kyrkjekalenderen

November

Fre.16. kl. 19.00 - Haga
Kyrkjelydsfest
Biskop em. Ole D.
Hagesæther kjem

Søn.18. kl. 11.00 - Ådland
Familiegudsteneste
Dåp
Barnekoret og KingSing
deltak

Søn.25. kl. 11.00 - Haga
Gudsteneste
Nattverd
Søndagskule

Tors.29. kl. 19.00 - Haga
Adventskonsert
av Skulemusikken

Desember

Søn.2. kl. 18.00 - Ådland
Lysmesse

Søn.9. kl. 11.00 - Haga
Gudsteneste
Nattverd
Søndagskule

Søn.9. kl. 19.00 - Haga
Julekonsert
v/ Trengereid Songlag og
Os Mannskor

Søn.16. kl. 17.00 - Ådland
Julekonsert
m/ lokale krefter

Man.24. kl. 14.30 - Ådland
Familiegudsteneste
julaftan

Man.24. kl. 16.00 - Haga
Familiegudsteneste
julaftan

Tirs.25. kl. 12.00 - Ådland
Høgtidsgudsteneste
juledag
Dåp

frå kyrkjeboka



Døypte

04.11.

Adele Liøen Tveiterås



Vigde

27.10

Kjersti Nysæter og
Jan Willy Skjoldal



Døde

d. 07.10

Johan Steinsland

d. 30.10

Borghild Lien

d. 29.10

Anna Brun Høysæther

Kyrkjelydsfest



I morgon vert det kyrkjelydsfest i kyrkja på Haga! Det vert eit variert program, med blant anna festtale av biskop em. Ole D. Hagesæther, matøkt der alle tek med seg litt kvar til eit felles matbord, song og musikk, film frå oppstarten av kyrkja på Haga, innslag av ungdomar, sosialt samvere m.m. Festen er open for alle, så det er berre å koma!

BØNERINGEN er her for deg



Står noko på, så ring Audun
Aase på tlf. 41 52 19 05

Vil du vera med i bønneringen,
ring det same nummeret.

Endring av gudstenester i jula.

Midnattsmessa har vore lite vitja dei siste åra. Soknerådet har bestemt at dei heller ynskjer gudsteneste første nyårsdag på ettermiddagstid. Så både gudstenesta i romjula og midnattsgudstenesta 31. går ut i år. Så startar me heller på ein frisk nyårsdag og feirar at eit nytt år har byrja!